



### **Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker**

**Møtedato:** 09.11.2017

**Møtetid:** kl. 20:00

**Møtestad:** Møteplassen

#### **Til stade:**

Andreas Westermoen, Brigt Roar Skeie, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Synnøve Kårstad Ryland.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug

#### **Meldt forfall:**

Marit Jøssang, Torbjørn Aamli, Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Per Audun Heskestad, Regine Sagstad Berg.

#### **Innkalling, saksliste og sist møtebok:**

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 14.09.17 vart godkjent.

#### **Meldingssaker:**

##### **Sak 000017 Lov om trus- og livssynsamfunn.**

Seminar som førebuing til høyring for lov om trus- og livssynssamfunn. Andreas Sagstad Berg og kyrkjeverja deltok på seminaret for Meland sokneråd 7.11. *Det vart orientert frå møtet. Nytt seminar 20.11 arrangert av bispedømet (informasjon vert sendt ut). Vidare arbeid med utkast til høyringsvar bør drøftast i soknerådet.*

##### **Sak 000018 Nettverksmøte for fellesråd 07.11**

*Andreas Sagstad Berg møtte på nettverksmøtet der det vart valt eit styre. Han orienterte.*

##### **Sak 000019 Utviding av Meland kyrkjegard.**

Det vert for tida vurdert å gå tilbake til opprinnelige utvidingsplan. Ein føresetnad for dette er å gjere vegen opp til den nye kyrkjegarden mindre bratt. Framlegg til traseval for vegen har kome. Vert sendt ut som vedlegg. *Soknerådet hadde ikkje merknader til løysinga.*

##### **Sak 000020 Fellesnemnd for nye Alver fellesråd.**

Alle sokneråd/fellesråd har no likelydande vedtak mtp tal på medlemmer. *Lindås har også utnemnd sine medlemmer. Første møte blir 28.11.*

##### **Sak 000021 Innspel til budsjett og økonomiplan for kommunen .**

Er sendt inn. Sjå vedlegg.

##### **Sak 000022 Skriv**

Sjå vedlegg

##### **Sak 021/17 FR-sak Behovsanalyse kyrkje/kulturbygg på Frekhaug**

###### *Forslag til vedtak:*

Soknerådet godkjenner kyrkjeutvalet sin behovsanalyse for ny kyrkje/kulturbygg på Frekhaug.



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

*Møtebehandling:*

*Vedtak:*

Soknerådet godkjenner kyrkjeutvalet sin behovsanalyse for ny kyrkje/kulturbrygg på Frekhaug.

## **Sak 022/17 Kyrkje/kulturbrygg - innspel til kommunen sitt budsjett/økonomiplan**

*Forslag til vedtak:*

Soknerådet ser det som uheldig at kulturdelen av det nye kyrkje/kulturbrygget på Frekhaug vert teke ut av prosjektet no. Kyrkja har arbeidd med dette som mål for planlegginga i om lag 10 år, har peikt på mange fordeler og synergieffektar med sambruk, er villig til å vere fleksibel og løysingsorientert for å drifta bygget og ønskjer å få eit kombinasjonsbygg realisert.

Soknerådet ber kommunestyret vurdere

- A .å gje fullmakt til prosjekteringsarbeidet til soknerådet
- B. å gje ei kostnadsramme til byggeprosjektet i økonomiplanen.
- C. å gje ei prioritert liste over kva kommunen meiner det skal eller bør vere plass til av kulturtilbod i bygget
- D. å løyve ei høveleg kostnadsramme på budsjett 2018 til prosjekteringsarbeidet.
- E. å be om at soknerådet levere ferdig planlagt prosjekt og finansieringsplan innan ein gitt frist

Viss kommunestyret ikkje er villig til å gå inn for ein slik modell, vil soknerådet be om at ikkje verknaden blir at kyrkjebygget ikkje heller vert realisert. Kyrkjelyden kan ikkje vere nær menneske og bety noko for lokalsamfunnet i same grad som er ønskjeleg utan å ha nærheit til der folk bur. Soknerådet vil understreke at ei arbeidskyrkje er ei kulturkyrkje, og vil innehalde både gode møteplassar for barn, unge, vaksne, eldre og innvandrarar og gode høve til kulturtiltak for alle innbyggjarar. Viss kommunestyret heller går inn for ei «nøktern arbeidskyrkje» vil soknerådet forvente at soknet får:

- A . fullmakt til prosjekteringsarbeidet til soknerådet
- B. ei kostnadsramme til byggeprosjektet i økonomiplanen.
- C. ei prioritert liste over kva kommunen ønskjer det skal vere plass til av kulturtilbod i bygget
- D. løyving av ei høveleg kostnadsramme på budsjett 2018 til prosjekteringsarbeidet.
- E. forventning om at soknerådet levere ferdig planlagt prosjekt og finansieringsplan til ein gitt frist.

*Møtebehandling:*

Nytt framlegg til vedtak i møtet:

Kyrkja har arbeidd med planlegging av kyrkje/kulturbrygg i om lag 10 år og har peikt på mange fordeler og synergieffektar med sambruk. Soknerådet er villig til å vere fleksibel og løysingsorientert for å utforme og drifta bygget. Soknerådet ønskjer å få eit kombinasjonsbygg realisert innan 5 år på tomta som er avsett til formålet.

Soknerådet ber kommunestyret vurdere



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

- A. å gje fullmakt til prosjekteringsarbeidet til soknerådet
- B. å gje ei kostnadsramme til byggeprosjektet i økonomiplanen.
- C. å gje ei prioritert liste over kva kommunen meiner det skal eller bør vere plass til av kulturtilbod i bygget
- D. å løyve ei høveleg kostnadsramme på budsjett 2018 til prosjekteringsarbeidet.
- E. å be om at soknerådet leverer ferdig planlagt prosjekt og finansieringsplan innan ein gitt frist

*Vedtak:*

Kyrkja har arbeidd med planlegging av kyrkje/kulturygg i om lag 10 år og har peikt på mange fordeler og synergieffektar med sambruk. Soknerådet er villig til å vere fleksibel og løysingsorientert for å utforme og drifte bygget. Soknerådet ønskjer å få eit kombinasjonsbygg realisert innan 5 år på tomta som er avsett til formålet.

Soknerådet ber kommunestyret vurdere

- A. å gje fullmakt til prosjekteringsarbeidet til soknerådet
- B. å gje ei kostnadsramme til byggeprosjektet i økonomiplanen.
- C. å gje ei prioritert liste over kva kommunen meiner det skal eller bør vere plass til av kulturtilbod i bygget
- D. å løyve ei høveleg kostnadsramme på budsjett 2018 til prosjekteringsarbeidet.
- E. å be om at soknerådet leverer ferdig planlagt prosjekt og finansieringsplan innan ein gitt frist

Samrøystes vedtak.

For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjeverje